



Formannskapet Kvinnherad Kommune

Husnes 05.10.2018

Ekstra kommunalt næringsfond.

Kvinnherad Kommune vart tildelt ei ramme på 1.6 millionar av ekstraordinære midlar for å motverka negative verknader av koronautbrotet. Me les i innstillinga til formannskapsmøtet den 12.11.2020 at kommunedirektøren innstiller på å gje elleve bedrifter ei støtte på tilsaman 1,3 millionar kroner.

Husnes vekst hadde møte med næringssjef Grethe Solheim der me spurte om det var mogleg for organisasjonen å søkja om midlar til marknadsføring. Me fekk då til svar at dette ikkje var mogleg. Me stiller oss derfor svært undrande til kvifor Visit Rosendal då får tildelt midlar på 100.000 kr til samme formål?

Ved forrige utdeling av midlar knytt til turistsesongen 2020, var Husnes Vekst innstilt på å motta ei støtte på kr 100.000 for marknadsføring, men etter utsetjing av saka, vart midlane redusert til kr 25.000 fordelt mellom Husnes Vekst og Husnes grendalag for Husnes og omegn. Resterande beløp vart gitt til turistinformasjonen. Kvifor dette vart gjort, fekk me aldri ei forklaring på og me har heller ikkje blitt tilgodesett med noko form for tilskot til marknadsføring for regionsenteret av midlane som gjekk til turistinformasjonen.

For oss i Husnes Vekst er det ynskjeleg å få på plass ei ny heimeside for regionsenteret Husnes, for å synleggjera tilboda i og rundt regionsenteret.

Husnes Sentrum Hotell og Husnes Camping ligg i hjartet av regionsenteret. Her kan ein tilby overnatting for både hotellgjester og campingturistar med både bubil og dei som ynskjer hytte. Hotellet er òg eit rimelegare alternativ til hotella i Rosendal for turistar som vil besøkje turistmåla i rosendalsområdet og innover i kommunen. Husnes Båthamn ligg 15 minuttars gange frå Husnes Storsenter. Ei båthamn som fleire gonger har blitt kåra til Norges finaste hamn. Like i nærleiken finn ein den populære 12 hols golfbanen og ikkje minst Lundagarden som representerer det gamle Husnes, der forfattaren Jonas Lie budde i lengre tid.

Husnes Storsenter har mange arbeidsplassar og husar gode tilbod for turistar. Her finn me òg Nupenparken med den store keramiske krukka og andre flotte utsmykkingar av den kjente kunstnaren Kjell Nupen. Det er leikeland for små born, flotte kafear og resturantar.

Shoppingmulighetene er store og arrangement som Omstock, Husnesdaganæ, revy mm er berre eit utval av kva ein kan oppleve.

Dugnadsgjengar har opparbeida mange og gode turstiar i området, Kaldestadåsen, Bremstølen, Nordefjell, Varhaugselet for å nemna nokre. Ein kan også sykla postvegen, ein flott tur for barnefamiljar. Bademuligheter både i sjø og vatn, samt tilbod om leige av kanoar og andre kjekke aktivitetar får ein både hjå roklubben og Bua.

Frå Husnes er det kort veg gjennom tunnelen til Halsnøy og vidare til Fjelberg.

Fjelberg har ein fantastisk natur og interessant historie. Fjelberg prestegard er eit flott turistmål, som både båtturistar og bubilturistar kan nå. Det er tilrettelagt mange turstiar og turmål i den flotte naturen på Fjelberg. Arrangement som Jul i Juli er eit unikt og svært populært arrangement. Halsnøy har flotte turistmål der ein har overnattingsmuligheter både for båtturistar, bubar og hytteutleige med eiga hinderløype som kan utfordra den sprekaste av den spreke,

handlemuligheter for alle og ikkje minst Halsnøy Kloster med si mangehundreårige historie.

Me skal ikkje gløyma Valen og Sunde. Valen har ein unik historie knytt til Valen Sjukehus. Her har turistar høve til å besøkje dei gamle salane som no er museum og sjå korleis historia innan psykiatrien har utvikla seg. I tillegg er den flotte gamle kraftstasjonen til sjukehuset opprusta og renovert. Denne er òg nytta av elevar på Kvinnherad vidaregåande skule som lekk i undervisninga.

Sunde med si rike kystkulturhistorie er òg viktig å få fram. Gravdal Skipsbyggeri bygde alt frå jakter, galeaser og skonnertar til kuttrarar, og var rundt 1910 den fremste av dei tre store trebåtbyggjeria i fylket. I 1930 var Gravdal Skipsbyggeri det største trebåtbyggjeriet i landet.

Sunde Kyst og Litteratursenter som nyleg har fått reist heilt nytt bygg på grunnmuren etter Lars Tveit sitt gamle trebåtbyggjeri, har samla alt av informasjon knytt til dokument, teikningar og halvmodellar etter Gravdal Skipsbyggeri. Eldskjelene her har òg store og spanande planar klare for å vidareutvikla dette senteret. Sunde har ei lang og rik historie og det er viktig å formidla denne til både våre eigne innbyggjarar og tilreisande.

Me håpar at medlemmene i formannskapet ser kor viktig det er for Kvinnherad kommune med eit sterkt og robust regionsenter, som jobbar for både Husnes som regionsenter, men som også ynskjer å spela området rundt seg sterkt og attraktivt.

Me ber derfor formannskapet på lik linje med Visit Rosendal om å tildela Husnes Vekst kr 100.000 til etablering av ny heimeside for å marknadsføra regionsenteret og bygdene omkring. Det vil bli ei frisk og attraktiv side som skal vera tiltrekkjande for turistar, men som òg skal femna om næringslivet og synleggjera områder for næringsutvikling.

På vegne av nokre av våre medlemmer, stiller me oss undrande til at Husnes Sentrum Hotell som ligg midt i hjartet av regionsenteret, ikkje er søknadsberettiga til å motta stønad. Grunngevinga er at kommunedirektøren vurderer Husnes Sentrum Hotell til å vera eit eigedomsprosjekt? Ein resturanteigar i Bergen får til dømes kr 150.000 til styrking av reisemål for å tilby lokal og kortreist sjømat?

Husnes Vekst ser det som styrking av regionsenteret at overnattingsverksemdene våre får midlar til vidare arbeid med oppgradering av overnattingsstadene slik at ein kan ta imot fleire turistar og tilreisande. Å kategorisera Husnes Sentrum Hotell berre som eit eigedomsprosjekt uten å sjå kva eit levande hotell har å sei for Husnes som regionsenter og kor viktig dette overnattingstilbodet er både for næringslivet generelt og turistnæringa spesielt, kjennest svært urimeleg.

Om ein likevel vel og stå for dette, så stiller me oss igjen undrande til kvifor ikkje Elins Matgleder si uteservering med overbygg ikkje kjem inn under same kategorien? Dette er også eit eigedomsprosjekt med tanke på å leggja tilrette for turistar.

Videre ser me at Palfinger Marine Safety AS får 350.000 kr til elektifisering av livbåtar. Først av alt så er ikkje Palfinger Marine Safety eit Norsk registrert selskap. Videre kan ein òg sjå på nedbygginga av Palfinger i Kvinnherad dei siste 5 åra kva retning selskapet tar. Me har full forståing for at ein må ivareta arbeidsplassane ein har i kommunen, men er det ikkje då like viktig å ta vare på grunderane våre?

Vaage bryggeri på Sunde er eit nystarta grunderfirma som treng midlar til vekst og marknadsføring. Men me ser i innstillinga at firmaet representerer for få arbeidsplassar? Ei grunderverksemd startar som regel med ein eller 2 personar og veks seg større med litt offentleg støtte. Er det noko me treng meir av i Kvinnherad, så er det fleire arbeidsplassar og folk med nye



idear og pågangsmot?

Offerdal film representerer kanskje få arbeidsplassar, men det er få som så godt har klart å formidla historie frå Kvinnherad som nettopp dette vesle selskapet. Med litt drahjelp frå kommunen, har me i Husnes Vekst god tru på at dette vil generere gode filmopplevingar frå historia i heile kommunen.

Me håpar at formannskapet tar i mot innspela våre og ser kor viktig det er å byggja eit sterkt og robust regionsenter, heia på grunderen og likestilla potensialet som ligg i kommunen, slik at me saman kan utvikla Kvinnherad til ein endå flottare turistkommune og byggja mange nye arbeidsplassar.

Med Vennleg helsing
Styret i Husnes Vekst.

Ellinor Rein, Guttorm Røssland, Håkon Røstbø, Merete Moe Røssland, Per Henrik Opdal, Elin Stene.